



Stordal kommune

Ordføraren

Saksbehandlar: Eva Hove

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520

6404 MOLDE

Vår ref.: 17/116-74

Dykker ref.:

Arkiv: FE-024

Dato: 13.12.2017

Grensejustering i Stranda kommune - svar frå Stordal kommune

Eg viser til brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om innhenting av faktagrunnlag vedrørande grensejustering i Stranda kommune.

I det ein viser til tilsendt sjekkliste, kan ein frå Stordal kommune si side melde om følgjande fakta:

Pendling

Der er ein del arbeidspendling mellom Liabygda og Stordal. Vi legg til grunn at der finst statistikk for dette som Fylkesmannen har tilgang til.

Kommunale tenestetilbod:

Stranda kommune har i ei årrekke leigd symjehallen ved Stordal skule for å gi elevane ved Liabygda skule symjeopplæring.

Stranda kommune har gjort vedtak om nedlegging av Liabygda skule frå hausten 2018, og har i den samanheng bedt om pris på kjøp av skuleplass elevane frå Liabygda. Både Norddal og Stordal kommunar har gitt slikt pristilbod. Stranda kommune har pr no ikkje tatt stilling til tilboden - så langt vi er kjent med.

Utbyggingsmønster:

Stordal og Stranda kommunar samarbeider no om utarbeiding av ein reguleringsplan for Liabygda skytebane. Dette samarbeidet har kome i stand fordi der er planer om hytteutbygging på begge sider av kommunegrensa. Skytebana ligg i Stranda, men inntil grensa til Stordal kommune. For å kunne utvikle dette området vidare med tanke på hytteutbygging, er der krav om regulering av skytebana.

Anna:

Der er skipa felles pensjonistlag for medlemmer av Liabygda og Stordal: «Stordal og Liabygda pensjonistlag». Dette er eit aktivt lag med faste samlingar og arrangement.

Der er samarbeid mellom idrettslag og andre frivillige i Stordal og Stranda om opparbeiding og drift av skianlegg (hoppbakke og langrennsarena) på Stavsengfjellet(Liabygda) i Stranda kommune. Innbyggjarar i Liabygda gjer seg elles nytte av andre kultur – og fritidsaktivitetar i Stordal i ei viss utstrekning.

Med venleg helsing
Stordal kommune

Eva Hove

Ordførar

Kopi til:

Norddal kommune

Postboks 144

62 VALLDAL

10

Stranda kommune

Øyna 13

62 STRANDA

00

Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt utan signatur.